

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 11.02.2020

Til stades: Gunnar Dalseth, Sigmund Eiken, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Ole G. Vassel, Thorleif Gjernes, Kenneth Vikane og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: ingen forfall.

Referent: Kaia

Sak 2020/8: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2020/9: Godkjenning av referat frå styremøte 14.01.20; godkjent

Sak 2020/10: Tilstellingar:

Evaluering av planleggingsmøte 21. januar: godt oppmøte og god dialog. Sjå eige referat.

Saker bygdelaget skal sjå vidare på etter møtet (sak 2 i referat):

- Aktivitets/trenings/leikeområde ved kulturhuset: Styret valde Kaia til å ta kontakt med Margreta S. Eiken i Herand idrettslag for å starte planlegginga av dette. Dei knyt til seg nødvendige ressurspersonar for ei prosjektgruppe.
- Badeplass/hamn/fellesareal: Styret ved Gunnar skriv eit brev til Ullensvang kommune om stell av badeplass og slåing av gras på kommunal grunn. Me ynskjer at badeplass skal stellast av kommunen slik som Vik og Djupevik vart i gamle Jondal kommune.
- Fartsdemping ved hamn/Meieriet: her må undersøkjast meir korleis saka bør gripast fatt og kva moglegheiter som finst. Gunnar tek ein dialog med Kramsjø.

Sak 2020/11: Eigedomar:

- Avtale om brøyting (ref. sak 2020/4 a. frå sist styremøte): me undersøkjer med Ullensvang kommune om det er mogleg å få brøytt plassen ved kulturhuset ved behov. Om ikkje, må det lagast avtale med lokal brøyttar.
- Status nytt utstyr til kulturhuset: Gunnar sjekkar levering av moppevaskemaskin som vart bestilt medio desember. Resten av bestilt utstyr er levert. Utstyr til kjøkken vert tatt etter kvart.
- Status drenering av akebakken ved kulturhuset: Sigmund har vore med Ullensvang kommune på inspeksjon 10. februar. Kommunen vil ordne dreneringa.

Sak 2020/12: Økonomi/søknader/fristar etc.:

Avslag på søknad til OBOS om Enøk/brannvernutstyr til kulturhuset. Me prøver ein søknad til Hardangerstiftinga igjen med frist 31.03.20. Angunn ansvarleg.

Sak 2020/13: Ymist:

Førebuing av årsmøte;

Styret gjekk gjennom forslag til vedtektsendring som dei vil legge fram som sak på årsmøtet 22.03.20. Forslaget må kunngjerast seinast 1. mars (21 dagar før årsmøte 22.03) med invitasjon til å melde saker innan 8. mars. Styret må lage endeleg dagsorden og vedta innkalling i styremøte 10. mars.

Valnemnda er i gong med sitt arbeid. Leiar og 3 styremedlem er på val.

Styret ved Gunnar sjekkar med leiar Jon Steinar Skeie i Herand Omsorgsbustader a/s om dei ynskjer å ha si generalforsamling i tilknytning til årsmøtet.

Sak 2020/14: Eventuelt/andre saker:

- Det har vore heiskontroll på kulturhuset. Krav om reperatur av «støytdeparar» i botn av heisen. Reparatør kjem i løpet av våren.
- Marta og Kaia har jobba med å dokumentere laging og bruk av barnebrurebunadene i høve registrering av desse hjå Hardanger Folkemuseum på Utne.
- Det skal sjekkast med teknisk etat i Ullensvang kommune ved Trygve Vik om det er behov for oppmåling av eigedomen til Herand kulturhus.

Neste styremøte tysdag 10.03.20 kl. 19.00 på Herand kulturhus